



Referat

Utval: Fitjar sokneråd
Møtestad: Fitjar rådhus, kommunestyresalen
Dato: 30. mars 2017
Tid: Ca. kl. 19.30 (etter møtet i fellesrådet)
Møtenr.: 3/2017

Forfall må meldast til kyrkjeverje Harald Rydland på e-post eller tlf. 913 47 802.

Peder Rygg Drønen møter som fast vara. Andre varamedlemer møter kun etter særskilt innkalling.

Faste medlemmer som har møtt:

Namn	Funksjon
Helga Olsen Aadland	Leiar
Sigrid Marie Fangel	Nestleiar
Gunnvald Aarbø	Medlem
Mette E. Lambach	Medlem
Bodil Nesse	Medlem
Rasmus Fitjar	Medlem
Sindre Aarbø	Medlem
Olav Oma	Sokneprest
Harald Rydland	Kyrkjeverje

Forfall:

Namn	Funksjon
Terje Havro	Medlem

Varamedlemmer som møtte:

Namn	Funksjon
Peder Rygg Drønen	1. varamedlem <u>N.B. Ord for dagen</u>

Varamedlemmer som ikkje møtte:

Namn	Funksjon
Arne Prestbø	2. varamedlem
Solbjørg Larsen Tverderøy	3. varamedlem
Tove Helen Løland Aarskog	4. varamedlem
Åse Rygg H. Nøttveit	5. varamedlem
Fridleif Lydersen	Vara for soknepresten



Sakliste:

Saksnr.	
S-13/17	Arrangement i kyrkja sin regi
S-14/17	Godkjenning av referat
S-15/17	Meldingssaker
S-16/17	Open post

S-Sak 13/17: Arrangement i kyrkja sin regi

Framlegg til vedtak:

Det vert ikkje lagt fram tilråding i saka.

Behandling i Soknerådet 30. mars 2017

Arrangement i næraste framtid:

Tur til Helgatun

65 personer er påmeldt. 4 av flyktingane vert med.

Årsmøte

Årsmøtet vert 30. april etter gudstenesta. Helga leiar årsmøtet og ynskjer at soknerådsmedlemmene kjem i møtet. Møtet vert kunngjort i avisa.

Jubileumsarrangement

Utstilling. Må kunngjerast i avisa i tillegg til brosjyra.

Konfirmasjonsfest

Ein representant frå soknerådet bør vera med på konfirmasjonsfesten.

Konsert

Bømlø gospel kjem til Fitjar kyrkje 20. mai.

Gjennomførde arrangement som har funne stad den siste tida:

Dugnadsfest

Det vart ein flott dugnadsfest med omlag 100 dugnadsfolk, representanter frå organisasjonar, næringsliv, fellesråd og sokneråd.

Jubileumsgudsteneste og kyrkjelydsfest

Innviinga av orglet vart gjennomført av prosten i ei fullsett kyrkje.

Flott gudsteneste med mektige orgeltonar.

Etterpå vart det ein flott kyrkjelydsfest med betasuppe, kaffi og kaker. Nesten 200 deltakarar.

Takk til alle friviljuge som lagde alt til slik at festen vart vellukka.

Ekstra takk til alle kakebakarne, elevane ved Fitjar vidaregåande skule som laga suppe og Rema 1000 som sponsa ingrediensane.

Vedtak: (samrøystes)

Soknerådet har gått gjennom arrangement i kyrkja si regi som både har vore og som kjem.

S-Sak 14/17: Godkjenning av referat

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner referatet frå møte den 16. februar 2017.

Behandling i Soknerådet 30. mars 2017

Ordlyden vert endra i vedtaket for sak 07/17 for å unngå misforståing. Det vart også gjort ein endring under Open post.



DEN NORSKE KYRKJA

Fitjar sokn

Vedtak: (samrøystes)

Soknerådet godkjenner referatet frå møtet den 16. februar 2017 med dei endringane som kom fram i møtet.

S-Sak 15/17: Meldingssaker

Framlegg til vedtak:

Soknerådet tek meldingane til orientering

Behandling i Soknerådet 30. mars 2017

I møtet vil det bli orientert om desse sakene:

1. Stiftsdagar i Bergen 6. og 7. juni
Sokneprest Olav Oma informerte om at alle tilsette i kyrkja er invitert til stitsdagane i Bergen. Kyrkjeverje Harald Rydland har meldt på heile staben.
2. «Kyrkjelydspresten i sentrum»
Per Drønen informerte om at innsamlingsnemda for kyrkjelydsprest har hatt stand hos Larsen med plakater, delte ut skjemaer og selde vaflar.
3. Fritak for medlem i diakoninemnda
Leiar Helga O. Aadland informerte om at Olaug Wiik er fritaken frå sitt verv i diakoninemnda.
4. Lutherfest i Bergen 3. – 5. mars
Sokneprest Olav Oma orienterte om flott Lutherfest og arrangement i Bergen som han hadde delteke på.
5. Gjevartenesta i kyrkjelyden
Kyrkjeverje Harald Rydland orienterte om at fast gjevartinntekt har auka frå kr. 12000 til kr. 16000 pr. mnd.
6. Prostimøte på Fitjar 31. oktober (Lutherdagen)
Kyrkjeverje Harald Rydland informerte om at ein har leigd Randi Dalen til å ordna med mat den dagen. Det vert ein fagdag som vert avslutta med gudstneste kl. 19.

Vedtak: (samrøystes)

Som framlegg.

S-Sak 12/17: Open post

Ingen innmelde saker.

Signering:

Sekretær

Leiar